

80 år i mai og sel 40 - 50 bil- og båthengarar kvart år.

26.03.2020



Sigurd Myklebust sel mellom 40 og 50 hengarar kvart år.

**Sigurd Myklebust, snart 80 år, sel mellom 40 og 50 hengarar kvart år. God helse og ei unik interesse for bilfaget er mellom anna svaret på kvifor Sigurd sidan starten med bilverkstad på 1960 talet gjer det å godt. Kvinnherad Auto er eit firma frå 1967. Redningstenesta gjennom Viking vart frå 1. jan 2020 overdrege til Tor Paulsen AS i Odda. No driv Sigurd Myklebust eit Tysse agentur i tillegg til bilutleige.**

Tysse er i dag Noregs største produsent av alle typar hengarar. I Kvinnherad er det to konkurrentar, Gaupe hengaren på Felleskjøpet og ein på Sunde. Ingen gjer det så godt på sal av hengarar som Kvinnherad Auto. Eit år selde han 50 hengarar. I fjor vart talet rundt 40 hengarar.

Kvinnherad Auto el Tyssehengarar av alle slag. Det er bil- og båthengar, ATV hengar, skaphengar med lift og lok, hengar for transport av forskalingsmateriell og enkle hengarar for plassering av båt i naust. Nokre har sideløft. Prisen varierer frå kr. 6.000,- til kr. 100.000,-.

Tysse, som ligg i Tyssebotn på Osterøy, har forhandlarar over heile landet. Straks hengarane kjem til Uskedalen vert dei klargjort for sal, registrering og levering. Kundane kjem frå heile distriktet. Nokre gjer handelen i Uskedalen fordi dei er ferierande i Kvinnherad, anten i båt eller på campingplass. Mange av kundane driv næring og treng hengar tilpassa behovet. Sigurd Myklebust har delerlager og sel bilrekvisita tilhøyrande denne bransjen.

Sigurd Myklebust kan syna til god drift i mange pr. Eit kredittselskap gav han topp vurdering 15 år på rad. Diplomane på kontoret fortel det meste om Sigurd sitt arbeid og engasjement i over 40 år.

80 år ja. Saman med sonen, Tore, som driv i underhaldningsbransjen i Oslo. Ia han opp til markering med gjester på Color Line til Kiel. Dato og avreise var bestemt. Så kom koronaviruset og stoppa det heile, i denne omgang. Kjenner vi Sigurd rett med sin optimisme, vert 80 års feiringa ikkje avlyst, men utsett.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal